

HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

www.hardangerviddagrunneigar.no

nbjoer-v@online.no

HG-NYTT

Nr. 37, mars 2017

Red.: Nils Bjørn Vistad

21.03.17

CWD (Chronic Wasting Disease) – Skrantesjuka

Viser til forrige HG-Nytt (nr.36).

Den 8. mars vart det halde eit informasjons- og drøftingsmøte i Kongsberg om denne saka. Her deltok Miljødirektoratet, Mattilsynet, Veterinærinstituttet, NINA, Fylkesmennene, Fjelloppsynet, SNO, Villreinutvalet, Villreinnemnda, Norsk Villreinsenter og Hardangervidda Gunneigarsamskipnad.

Referat ved Kari Bjørneraas (Miljødirektoratet) og linkar til innleiingsforedraga er formidla før:

- Jørn Våge (Veterinærinstituttet) Om skrantesjukan.
- Harald Øverby (Mattilsynet) Om Matilsynet si rolle, status og tiltak.
- Knut Nylend (SNO) Om SNO si rolle m.v.
- Olav Strand (NINA) Om kartlegging og prøvetaking.
- Svein Erik Lund (Villreinutvalet) Om om kvote og prøvevolum hausten 2017.

Hovudutfordringa nå på kort sikt, er å få opp eit prøvetakingsregime i samband med jakta i år,- der samtlege dyr eldre enn kalv blir omfatta. I praksis betyr dette uttak av hjernevev av alle felte dyr 1 ½ år og eldre. Dette sjølv sagt for å avdekke om Hardangervidda er smittefri eller ikkje. Samla er det snakk om å få ut så mange som 1000-1200 prøver. Sjølve logistikken i denne prosessen frå skot til at friskt vev er inne på lobaratorium, blir ei stor utfordring!

Seniorforskar Olav Strand uttalte det så sterkt som til å sei at dette (altså CWD) «truleg er den største utfordringa norsk villreinforvaltning har stått overfor».

I praksis må det gjerest eit betydeleg arbeid med informasjon og vegleiing rundt om i bygdane, slik at ein vinn fram med rett forståing av alvoret i saka og slik at jegerane blir i stand til å ta med seg hjernevev ut av fjellet på ein måte som sikrar god nok «ferskvare» til kvalifiserte prøveanalyser. Alle aktørar arbeider med dette opplegget nå,- og det vil sjølv sagt også bli fokus på saka på vårmøtet på Lampeland 25. mars.

Det blir arbeidd med sikte på kvalifiserte analyser på eksempelvis ekskrement, men inntil vidare er det bare frisk hjernemasse som gir sikre data.

I høve Nordfjella, der CWD er påvist hjå tre ulike dyr i den nordre sona, har ein enno ikkje tatt standpunkt til mogleg nedskyting av bestanden. Eit så drastisk tiltak blir p.t. ikkje avvist av aktørane med det formelle hovudansvaret: Miljødirektoratet, Veterinærinstituttet og Mattilsynet.

I skrivande stund er alle nå særst opptatt av at det ikkje skal vera dyrevekslingar sydover og inn i sone 2,- og sjølvstøtt slett ikkje vidare over Rv7 og inn på Hardangervidda. Som flokkdyr kan både villrein og tamrein styarast på eit vis, men sidan skrantesjuken også gjeld dei andre hjortedyra, blir det vanskelegare. Erfaring viser vel at overdrastiske tiltak på eit tidleg tidspunkt, gir best odds!

I diskusjonen etter foredraga, framheldt ein:

- Urealistisk å samle inn heile reinhovuder, prøvene må skje som vevsprøver gjennom eit «prøvesett» som må fylgje kvart villreinkort.
- Både private grunneigerar, fjellstyrer og enkeltjegerar må ta inn over seg Alvoret i saka.
- Miljødirektoratet har heimel for pålegg om innsamling, men strengt tatt ingen sanksjonsmoglegheit. Difor så viktig å få implementert Alvoret i saka!
- Felles presentasjonsmateriale må ha prioritet umiddelbart.
- I forhold til «friskvarekravet», er det gjerne slik at der kjøtet er bra nok er også hjernen bra nok,- men prøver kan ikkje ligge å slenge dagevis i bilar m.v. i augustvarmen!
- Sidan det er Fjellstyra og grunneigerane som «styrer» jakt og kortbruk, vil desse også måtte bidra til konstruktive og praktiske løysingar,- f.eks. med kjøleskapplassering på sentrale punkter med stor trafikk – og system på vidareending.

Heile apparatet med prøveinnsamlinga vil ha ei kostnadsside for det reint praktiske, i storleiksorden kr. 150 – 200.000. Slike midlar er ikkje meldt på plass så langt.

Informasjonskjelder

Det ligg nå ute mykje bra informasjon for dei som vil dukke ned i slik tekst::

- www.villrein.no
- www.hjortevilt.no/cwd-og-hjortevilt/
- www.mattilsynet.no
- www.vetinst.no/sykdom-og-agens/chronic-wasting-disease
- www.miljodirektoratet.no
- www.porten.no/tag/cwd

Veterinær Jørn Våge, ved Veterinærinstituttet, vil bli sitande med hovudansvaret på den faglege sida. Det forelegg ei skisse til oppgavedeling (v/referant Kari Bjørneraas) for den relativt stutte perioden fram til jaktstart!

Nils Bjørn Vistad
skriver HG
